



Terje Hilland  
Skarpenesvegen 120  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3152 - 15/21846

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
07.12.2015

## Godkjenning av fritak frå gjødselplan 2015 for 41/1 m.fl Skarpenes

**Administrativt vedtak. Saknr: 430/2015**

### Saksutgreiing:

Terje Hilland har hatt fritak frå krav om gjødselplan, men dette løyvet er gått ut. Han søker difor om fornying av dette på grunn av ekstensiv drift. Drifta på bruket er 30 vinterfora sauer, dei går på fjellbeite om sommaren. Søkjar disponerer 42 daa slåttemark og 71 daa innmarksbeite. Han oppgjev i søknaden at det vert kjøpt inn om lag 3500 kg 18-3-15 som vert spreidd på beite og slåttemarka 1-2 gonger i løpet av vekstsesongen. Husdyrgjødsel vert spreidd på hovudbruket.

| Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåttearealet |             |              |             |            | Kg Nitrogen | Kg Fosfor | Kg Kalium | Sum gjødsel |
|----------------------------------------------------------|-------------|--------------|-------------|------------|-------------|-----------|-----------|-------------|
| Kg                                                       | Gjødselslag | Totalt areal |             | Kg pr. daa |             |           |           | Kg          |
| 3500                                                     | 18-3-15     | 42           | slåttemark  | 40         | 7           | 1         | 5,8       | 1 680       |
| 24 m3                                                    | sauemøk     | 53           | Slått/beite | 0,5        | 1           | 1         | 2,5       |             |
| Sum                                                      |             |              |             |            | 8           | 2         | 8,3       |             |
|                                                          | 18.03.2015  | 71           | beite       | 25         | 4,4         | 0,6       | 3,6       | 1 775       |
| Sum                                                      |             |              |             |            |             |           |           | 3 455       |

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

### Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling på beita, og for nitrogengjødsling på eng. Der det vert nytta husdyrgjødsel ligg både kalium og fosforgjødsling like over det er som er halvdelen av normgjødsling. Dette talar for at det ikkje bør gjevast fritak for kravet om gjødselplan. På den andre sida er bruket lite, har få gjødseldyreiningar (2,15 etter frådrag for beitetid) og har stort areal i høve til dyretalet. Bruket er det einaste som er i drift i denne grenda, og det er i eit området med næringsfattig vegetasjon som følgje at harde og sure bergartar. Det er heller ikkje større vassdrag som vert berørt av drifta. Risikoen for oppgjødsling og avrenning av området er vurdert som liten. Kommunen meiner at etter ei samla vurdering kan ein gje dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år. Generelt rår likevel kommunen til at søkjar vurderer å få gjødselplan då dette er eit godt verktøy for å sikra at ein får den formengda ein har trong for og for å unngå overgjødsling.

## Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 31.12.2020 for gnr. 41, bnr. 1, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad eller det må lagast gjødselplan.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Terje Hilland

Skarpenesvegen 5918  
120

FREKHAUG